
Saksnr: 2021/22868-1
Saksbehandlar Frank Tore Tveit
Dato: 07.06.2021

Til: Hovudutval for kultur, idrett og integrering

Frå: Avdelingsdirektør for kultur, idrett og inkludering

Informasjon om ny Idrettsstrategi

I byrjinga av september presenterte regjeringa sin nye idrettsstrategi. I utgangspunktet skulle regjeringa lage ei ny idrettsmelding i 2019/2020, men grunna meirarbeid i forbindelse med pandemien var det ikkje kapasitet til å utarbeide ei ny idrettsmelding. Derfor vart det arbeidd fram ein ny strategi i staden.

Strategien tek utgangspunkt i gjeldande mål og målgrupper i idrettspolitikken. Alle som vil skal ha høve til å delta i idrett eller drive fysisk aktivitet. På same tid er barn og ungdom (6-19 år) og personar med nedsett funksjonsevne prioriterte målgrupper.

Strategien har fått namnet «Sterkere tilbake - en mer inkluderende idrett». Strategien har to føremål:

- Bidra til å styrke idrettsaktiviteten etter pandemien
- Fremje mangfald og inkluderande deltaking i idrett

Det er sett av 150 mill. kr. til å følgje opp føremåla i strategien. Det er blant anna sett av 50 mill. kr. som skal gå til ekstra tilskot til lokale lag og foreiningar som driv idrett eller fysisk aktivitet for barn og unge. Det er også sett av 30 mill. kr. til Norges idrettsforbund til eit treårig krafttak for mangfald og inkludering i idretten. Det vert også oppretta ei open søknadsbasert ordning for mangfalds- og inkluderingsprosjekter.

Meir detaljert informasjon om føremåla og satsingsområda under desse finn ein i strategien som ligg ved saka.

Vedlegg

- 1 regjeringens-idrettsstrategi